

Dagmar Ølnes Lotsberg
Kjørnes
6856 Sogndal

Sogndal, 18. januar 2010

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Tilleggsopplysningar i sak nr. 09/3512, arkiv nr. 423.1

Eg viser til brevet Dykkar av 14.01.2010 vedlagt kopi av eit udatert brev frå Johannes Idsø som er journalført på denne saka den 11.01.2010.

I vedlegg 1 har eg samla nokre dokument frå 1994 som viser at far min, Henrik Ølnes, skreiv under på alle dei sentrale dokumenta i byggjesaka. Det ser ut til at Johannes Idsø har ”gløymt” å leggje fram desse dokumenta som viser kven som var byggherre for det nye huset på eigedomen i 1994.

Planteikninga på side 11 viser at Johannes Idsø gav feil opplysningar til kommunen då han søkte om ”tilbygg/utviding” av ei hagestove som ikkje eksisterte. Side 12 i vedlegg 1 viser at det nye huset vart plassert midt mellom låven og det gamle bustadhuset på gnr. 1 bnr. 10 utan frådelt tomt. Frådeling av ei tomt i gardstunet, var sjølvstilt heilt uaktuelt i 1994 og er heller ikkje aktuelt i dag. Eg kjenner heller ikkje til at fylkeslandbrukssjefen gav løyve til ”omdisponering av inntil ett mål av eiendommen” i 1994 slik Johannes Idsø påstod i brevet sitt til Fylkesmannen den 23.12.2009. Johannes Idsø har heller ikkje lagt fram ny dokumentasjon som støtte for denne påstanden.

Vedlegg 2 inneheld dokumentasjon av advokat Louis Anda sine merkelege krumspring i samband med heimsoverføring og krav om deling. Delingssaka starta med brev frå advokaten den 12. september 2008 utan at eg hadde fått noko slags førehandsvarsel om at syster mi hadde ønskje om å endre den åtte år gamle avtalen vår om å vente med heimsoverføringa til neste generasjon. På dette tidspunktet hadde dei to jentene mine igjen berre eitt år av vidaregåande utdanning, slik at ei heimsoverføring kunne vere nær føreståande.

Eg reagerte på at den arrogante advokaten hennar oppførte seg svært aggressivt og truande. Han viste null interesse for å forhandle om ei minneleg løysing. Den 21. november kravde han at eg skulle velje mellom å godta eit urimeleg delingsforslag eller la saka gå til offentleg skifte. Eg mottok brevet den 24.11 og fekk ein svarfrist på fire dagar! Ein seriøs advokat ville ha vore klar over at fristen for å krevje offentleg skifte, gjekk ut for mange år sidan! Eg fann det også merkeleg at advokaten kunne forhandle om ei ekstra tomt i bustadfeltet Kjørnes III som ikkje tilhørde eigedomen! Eg avviste kravet i brev av 5.12.2009 (side 3 i vedlegg 2). Dette brevet svarte ikkje advokaten på, men han sette i gang prosessen med heimsoverføring til Aud Jorun Ølnes utan å informere meg.

På side 5 i vedlegg 2 har advokaten kryssa av for "B – Boligeiendom" og "TB – Tomannsbolig". Begge deler er feil. Heimelseverføringa gjeld ein landbrukseigedom ("L – Landbruk") med fleire bustadhus. Namnet mitt vart stroke ut etter telefonsamtale mellom advokat Louis Anda og Statens kartverk.

Side 6 i vedlegg 2 inneheld kopi av heimelseverføring til meg den 20. januar 2009.

Den 2. mars 2009 sende advokat Anda krav om jordskifte. Indre Sogn jordskifterett forkynte kravet den 12.03.2009.

To veker seinare mottok eg nabovarselet for hagestova der Johannes Idsø skreiv under som "eier/fester av gnr. 1 bnr 1" utan fullmakt frå nokon av heimelshavarane.

Johannes Idsø likestiller retten til låneopptak og skatt med eigedomsrett, men har oversett eit sentralt punkt i brevet frå Sparebanken Vest av 7. januar 2010: I 1994 gav banken lån med pant i gnr. 1 bnr. 10 i Sogndal kommune. Dermed hadde banken sikra seg at lånet ville bli nedbetalt uavhengig av kven som stod som formell låntakar. Med ein slik garanti stod også låntakaren fritt til å bruke pengane til andre formål som til dømes bil, innbu eller generelt forbruk. I dette tilfelle var det heilt naturleg at lånet vart registrert på Aud Jorun fordi ho ville få langt større skattegevinst av rentefrådraget enn far min som var minstepensjonist i 1994. Eg går ut frå at dette var klarert med likningskontoret i Sogndal. Då far min døydde, overtok eg garantiansvar for halve lånet.

Utover dette finn eg ikkje grunn til å kommentere påstandane til Johannes Idsø før kravet om deling av eigedomen eventuelt kjem opp for jordskifteretten eller andre rettsinstansar.

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Vedlegg 1: Kopi av ein del dokument frå byggjesaka i 1994

Vedlegg 2: Kopi av ein del dokument i samband med heimelseverføring